



Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen, Fitjar rådhus
Dato: 10.10.2018
Tid: 15:00 – 18:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenter
Wenche Tislevoll	Ordførar	H
Agnar Aarskog	Varaordførar	AP
Arne Prestbø	Medlem	H
Sigurd Andre Maraas	Medlem	FRP
Dagfinn Brekke	Medlem	KRF

Forfall:

Namn	Funksjon	Reprenter
-------------	-----------------	------------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenter
Björg Karin Tislevoll, sak 68/18	Arne Prestbø	H
Bård Inge Sørfohn, sak 68/18	Dagfinn Brekke	KRF
Grete Marit Veka Maraas, sak 68/18	Sigurd Andre Maraas	SP
Björg Karin Tislevoll, sak 69/18	Wenche Tislevoll	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Olaug Haugen	Rådmann
Svein Dale Soleng	Ass. rådmann
John Karsten Raunholm	Skulesjef
Trond Salmo	Økonomisjef
Kristin Meland	Møtesekretær
Tore Nesbø	Driftsleiar
Anne Økland	Helse- og sosialsjef

Wenche Tislevoll
Ordførar

Kristin Meland
Møtereferent

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 67/18	Godkjenning av protokollar	
PS 68/18	Skulebruksplan for Fitjar kommune 2019 - 2023	
PS 69/18	VA anlegg og gangveg ved Øvrebygda skule	
PS 70/18	Budsjettrapport 2. tertial 2018	
PS 71/18	Meldingar	
PS 72/18	Ymse	

Innkalling og godkjent uten merknader.

Ordførar orienterte om ettersendte dokument vedkomande Habilitet

PS 67/18 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner protokollar frå 05.09.18 og 26.09.18.

Behandling i Formannskapet - 10.10.2018:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 68/18 Skulebruksplan for Fitjar kommune 2019 - 2023

Framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst og omsorg rår formannskapet til å gje følgjande tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret vedtek skulebruksplan 2019 – 2023 slik den ligg føre.
2. Kommunestyret vedtek alternativ 1: Å leggja ned Selevik og Øvrebygda skule og samla alle elevane på Rimbareid skule med verknad frå 01.08.2020.
3. Dei økonomiske konsekvensane vert innarbeidd i Økonomiplanen 2019 – 2022.
4. I tråd med vedtak i skulebruksplan 2019 – 2023 ber me administrasjonen:
 - a. Gjennomføre tilbygg ved Rimbareid skule
 - b. Gjennomføre tilpassingar i elevane si opplæring
 - c. Gjennomføre bemanningsmessige tilpassingar
 - d. Gjennomføre forskriftsendringar for kretsgrenser.
 - e. Det vert opna for at enkeltelement kan settast i verk skuleåret 2019 - 2020

Behandling i Utval for Oppvekst og omsorg - 02.10.2018:

Representanten Vigdis Røen Leirvik (AP) stilte spørsmål om sin habilitet, tilsett som lærar i Fitjar kommune p.t. v/Øvrebygda skule.

Representanten Terje Træet (H) stilte spørsmål om sin habilitet då ektefelle er tilsett som lærar i Fitjar kommune p.t. v/Rimbareid skule.

Ass. rådmann, Svein Dale Soleng, orienterte om tiltak administrasjonen har utført i samband med habilitetsspørsmålet i saka.

Representantane gjekk frå møtet mens utvalet drøfta habiliteten deira.

Røysting:

Vigdis Røen Leirvik vart samrøystes erklært ugild.

Terje Træet vart erklært ugild med 2 (KrF og SP) mot 1 røyst (H).

Representanten Harald Rydland (KrF) meinte at saka ikkje trong handsamast i formannskapet, men direkte til kommunestyret.

Leiaren viste til reglement for oppvekst- og omsorgsutvalet pkt. 2, og meinte saka skulle gå direkte frå utvalet til kommunestyret. Rådmannen viste til utsendt informasjon frå ordføraren, og reglementet til formannskapet pkt. 2.

Utvalet drøfta dette, det vart ikkje fatta noko vedtak.

Representanten Harald Rydland (KrF) kom med slikt framlegg til vedtak, på vegne av KrF:

Utval for oppvekst- og omsorg rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Skulebruksplan 2019 - 2023

1. Kommunestyret tek skulebruksplan 2019 - 2023 til vitande, og vil arbeida for at grunnskulen i Fitjar i planperioden skal ha minst like høg kvalitet som den har i dag.
2. Etter kommunestyret sitt skjøn er det mange svært usikre faktorar når det gjeld økonomien til Fitjar kommune i planperioden. På bakgrunn av dette vil ikkje kommunestyret gjera vedtak om endringar i skulestrukturen no.
3. Kommunestyret meiner at det meste ligg til rette for ei positiv utvikling for Fitjar som lokalsamfunn i åra som kjem. Kommunestyret vil difor oppmoda til at alle som er glade i Fitjar, arbeider aktivt for at me skal få til vekst, utvikling og trivsel i heile kommunen.

Kommunestyret vil i løpet av første halvår 2019 starta arbeidet med å utarbeida ein samfunnsdel av kommuneplanen, som skal brukast i arbeidet med å utvikla Fitjar kommune framover.

4. Dersom kommunestyret i løpet av planperioden ikkje finn annan utveg enn å leggja ned grendaskular for å ha god kvalitet i grunnskulen og forsvarleg kommuneøkonomi, skal Øvrebygda skule brukast som avlastingslokale medan kommunestyret avgjer om det skal byggjast fleire klasserom på Rimbareid, eller etablerast ny ungdomsskule i tilknytning til Fitjar kultur- og idrettsbygg.

Representanten Ole Bergesen (H) kom med slikt framlegg til nytt punkt 5 som tillegg til administrasjonens si tilråding på vegne av Høgre (H) og Arbeiderpartiet (AP):

5. Ein vil jobba vidare fram til endeleg beslutning i kommunestyre 17. oktober med andre løysningar som kan stetta dei økonomiske utfordringar.

Røysting:

Ved røysting fekk administrasjonen sitt framlegg 0 røyster, og fall.

Framlegg frå (KrF) fekk 2 røyster (SP) og (KrF) og fall. 3 røysta imot.

Framlegg frå Ole Bergesen på vegne av H og AP, som var likt administrasjonen sitt framlegg med nytt tilleggspunkt 5 – vart vedteke med 3 (H og AP) mot 2 røyster (KrF og SP)

og det ligg føre slik tilråding til formannskapet:

Tilråding til formannskapet:

Utval for oppvekst og omsorg rår formannskapet til å gje følgjande tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret vedtek skulebruksplan 2019 – 2023 slik den ligg føre.
2. Kommunestyret vedtek alternativ 1: Å leggja ned Selevik og Øvrebygda skule og samla alle elevane på Rimbareid skule med verknad frå 01.08.2020.
3. Dei økonomiske konsekvensane vert innarbeidd i Økonomiplanen 2019 – 2022.
4. I tråd med vedtak i skulebruksplan 2019 – 2023 ber me administrasjonen:
 - a. Gjennomføre tilbygg ved Rimbareid skule
 - b. Gjennomføre tilpassingar i elevane si opplæring
 - c. Gjennomføre bemanningsmessige tilpassingar
 - d. Gjennomføre forskriftsendringar for kretsgrensar.
 - e. Det vert opna for at enkeltelement kan settast i verk skuleåret 2019 - 2020
5. Ein vil jobba vidare fram til endeleg beslutning i kommunestyre 17. oktober med andre løysningar som kan stetta dei økonomiske utfordringar.

Behandling i Formannskapet - 10.10.2018:

Representanten Arne Prestbø (H) ba formannskapet ta stilling til hans habilitet då ektefelle er tilsett i skulen, samt at han har elev i på ein skule som risikerer å få fleire elevar som fylgje av evt. nedlegging av grendaskulane (ungdomsskulen på Rimbareid).

Representanten Dagfinn Brekke (KRF) ba formannskapet ta stilling til hans habilitet då ektefelle er tilsett i skulen.

Representanten Sigurd Andre Maraas (FrP) ba formannskapet ta stilling til hans habilitet då mor er tilsett i skulen.

Då 3 av 5 stilte spørsmål om sin habilitet er dei 2 resterande ikkje eit vedtaksfør organ, og alle medlemmer i formannskapet skal då handsama habilitetsspørsmålet. Ved røysting kan representantane ikkje røyste over seg sjølv, og fratrådte i voteringa over denne.

Ass. rådmann Svein Dalen Soleng orienterte om regelverket for inhabilitet i kommunelova og forvaltningslova, samt innspela som var innhenta frå KS Advokat. I samråd med KS Advokat si vurdering, var administrasjonen si vurdering at folkevalde som har ein nær personleg tilknytning til tilsette i skuleverket er inhabile, medan folkevalde med barn eller barnebarn ved ein nedleggingstrua skule ikkje er inhabile.

Røysting:

Arne Prestbø ble erklært ugild med 4 røyster.

Dagfinn Brekke ble erklært ugild med 4 røyster.

Sigurd Andre Maraas ble erklært ugild med 4 røyster.

Representantane gjekk frå møtet og for Arne Prestbø (H) møtte Bjørg Karin Tislevoll (H), for Dagfinn Brekke (KRF) møtte Bård Inge Sørfonn (KRF), for Sigurd Andre Maraas (FrP) møtte Grete Marit Veka Maraas (SP).

Representanten Bård Inge Sørfonn kom med slikt framlegg til tilråding til på vegne av KRF:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak

1. Kommunestyret tek skulebruksplan 2019 - 2023 til vitande, og vil arbeida for at grunnskulen i Fitjar i planperioden skal ha minst like høg kvalitet som den har i dag.
2. Etter kommunestyret sitt skjøn er det mange svært usikre faktorar når det gjeld økonomien til Fitjar kommune i planperioden. På bakgrunn av dette vil ikkje kommunestyret gjera vedtak om endringar i skulestrukturen no.
3. Kommunestyret meiner at det meste ligg til rette for ei positiv utvikling for Fitjar som lokalsamfunn i åra som kjem. Kommunestyret vil difor oppmoda til at alle som er glade i Fitjar, arbeider aktivt for at me skal få til vekst, utvikling og trivsel i heile kommunen.

Kommunestyret vil i løpet av første halvår 2019 starta arbeidet med å utarbeida ein samfunnsdel av kommuneplanen, som skal brukast i arbeidet med å utvikla Fitjar kommune framover.

4. Dersom kommunestyret i løpet av planperioden ikkje finn annan utveg enn å leggja ned grendaskular for å ha god kvalitet i grunnskulen og forsvarleg kommuneøkonomi, skal Øvrebygda skule brukast som avlastingslokale medan kommunestyret avgjer om det skal byggjast fleire klasserom på Rimbareid, eller etablerast ny ungdomsskule i tilknytning til Fitjar kultur- og idrettsbygg.

Representanten Grete Marit Veka Maraas kom med slikt framlegg til tilråding til kommunestyret på vegne av SP:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak

1. Kommunestyret tek skulebruksplanen 2019-2023 til vitande.
2. Kommunestyret vedtek å ikkje leggja ned verken Selevik eller Øvrebygda skular, og skuledrifta held fram som i dag.
3. Dei økonomiske konsekvensane vert innarbeid i Økonomiplanen 2019-2022.
 - a) vurderer andre nedtrekk
 - b) gjennomføra tilpassing i elevane si opplæring
4. Kommunestyret vil i løpet av fyrste halvår 2019, starta arbeidet med å utarbeida ein samfunnsdel av kommuneplanen

Representanten Wenche Tislevoll (H) kom med slikt framlegg til tilråding på vegne av H og Ap:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

1. Kommunestyret vedtek skulebruksplan 2019 – 2023 slik den ligg føre.
2. Kommunestyret vedtek å leggja ned Øvrebygda skule og flytta alle elevane til Rimbareid med verknad frå 01.08.2020. Kommunestyret vil halde fram med skuledrift i Sælevik.
3. Bygdestova og tilhøyrande bygningsmasse på Øvrebygda skule skal sikrast vidare drift. Det skal setjast ned ei arbeidsgruppe med «lagsaktørane» og kommunen som skal sjå

på den vidare driftsforma for fritidsaktivitetar og liknande. Alt etter kva driftsform som blir valt skal Kommunen gå inn med driftsstøtte som gjer dette mogleg.

4. Dei økonomiske konsekvensane vert innarbeidd i Økonomiplanen 2019 – 2022. I tråd med vedtak i skulebruksplan 2019 – 2023 ber me administrasjonen:
 - a. Vurdere andre nedtrekk i tillegg som stettar krav til innsparing
 - b. Ta ei grundig vurdering av arealsituasjonen på Rimbareid, gjennomføre tilbygg om naudsynt. Må politisk handsamast
 - c. Gjennomføre tilpassingar i elevane si opplæring
 - d. Gjennomføre bemanningsmessige tilpassingar
 - e. Gjennomføre forskriftsendringar for kretsgrenser
 - f. Det vert opna for at enkeltelement kan settast i verk skuleåret 2019 – 2020

Røysting:

Tilråding frå Utval for oppvekst og omsorg fekk 0 røyster og fall.

Tilråding frå Sp fekk i røyst og fall

Tilråding frå Krf fekk 1 røyst og fall

Tilråding frå H og Ap vart vedteke med 3 mot 2 (KRF og SP) og det føre slik:

Tilråding til kommunestyret – (3 H og AP mot 2 KrF og SP :)

1. Kommunestyret vedtek skulebruksplan 2019 – 2023 slik den ligg føre.
2. Kommunestyret vedtek å leggja ned Øvrebygda skule og flytta alle elevane til Rimbareid med verknad frå 01.08.2020. Kommunestyret vil halde fram med skuledrift i Sælevik.
3. Bygdestova og tilhøyrande bygningsmasse på Øvrebygda skule skal sikrast vidare drift. Det skal setjast ned ei arbeidsgruppe med «lagsaktørane» og kommunen som skal sjå på den vidare driftsforma for fritidsaktivitetar og liknande. Alt etter kva driftsform som blir valt skal Kommunen gå inn med driftsstøtte som gjer dette mogleg.
4. Dei økonomiske konsekvensane vert innarbeidd i Økonomiplanen 2019 – 2022. I tråd med vedtak i skulebruksplan 2019 – 2023 ber me administrasjonen:
 - g. Vurdere andre nedtrekk i tillegg som stettar krav til innsparing
 - h. Ta ei grundig vurdering av arealsituasjonen på Rimbareid, gjennomføre tilbygg om naudsynt. Må politisk handsamast
 - i. Gjennomføre tilpassingar i elevane si opplæring
 - j. Gjennomføre bemanningsmessige tilpassingar
 - k. Gjennomføre forskriftsendringar for kretsgrenser
 - l. Det vert opna for at enkeltelement kan settast i verk skuleåret 2019 – 2020

PS 69/18 VA anlegg og gangveg ved Øvrebygda skule

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tilrår kommunestyre å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret tek saksutgreiinga til vitande.
2. Kommunestyret vedtek å omdisponere 1,7 mill kr frå VA/ Veg prosjekt i Fitjar sentrum til VA/ Veg anlegg ved Øvrebygda skule for å fullfinansiere prosjektet.
3. Kommunestyret vedtek å ikkje investere i ytterlegare avløpsleidningar i nærliggjande tiltak i Øvrebygda.

Behandling i Formannskapet - 10.10.2018:

Representanten Wenche Tislevoll (H) ba formannskapet vurdere hennar habilitet då ektefelle er medeigar i firma Engevik & Tislevoll AS som er utøvande entreprenør for arbeidet.

Representanten gjekk frå møtet medan formannskapet, med Agnar Aarskog som setteformann, drøfta habiliteten.

Representanten vart samrøystes erklært ugild og Bjørg Karin Tislevoll (H) møtte som vararepresentant.

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

4. Kommunestyret tek saksutgreiinga til vitande.
5. Kommunestyret vedtek å omdisponere 1,7 mill kr frå VA/ Veg prosjekt i Fitjar sentrum til VA/ Veg anlegg ved Øvrebygda skule for å fullfinansiere prosjektet.
6. Kommunestyret vedtek å ikkje investere i ytterlegare avløpsleidningar i nærliggjande tiltak i Øvrebygda.

PS 70/18 Budsjettrapport 2. tertial 2018

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å ta tertialrapporten til vitande.

Behandling i Formannskapet - 10.10.2018:

Rådmann Olaug Haugen orienterte om saka i møtet.

Tertialrapport skal være gode og faste rapporter.

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Kommunestyret tek tertialrapporten til vitande.

PS 71/18 Meldingar

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek meldingssakene til vitande.

Behandling i Formannskapet - 10.10.2018:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 72/18 Ymse

Behandling i Formannskapet - 10.10.2018:

Representanten Sigurd Andre Maraas (FrP) hadde følgjande:

1. Korleis er det i matveien på institusjonene våre i Fitjar. Eg burde muligens visst mer om dette fra før, men eg altså litt usikker, derfor ber eg om ei orientering. Bakgrunnen for spørsmålet er siste tids mediefokus på middager ved syke og aldershjem i Norge. Vert det kjøpt prefabrikkert mat her? Heilt eller delvis? Eller vert den laga på kjøkken i de ulike avdelingene
Er det ulikt på de ulike plassene? (sykeheim, aldersheim)
Er brukere og ledelse fornøyd med dagens måte å løse dette på?

Svar frå helse- og sosialsjef Anne Økland:

På Fitjar- Bu og behandlingssenter har ein eit institusjonskjøken. Det er noko fisk som er bearbeida (fiskepudding, fiskebollar og gratinert) og enkelte fruktsupper som ein serverer til dessert. Utanom dette vert all mat laga av råvarer frå boten av. Når ein lagar saus og anna vert det nytta heilprodukt. Når ein koker store gryter med kjøtt i vanlege panner, har ein sett dei ut på postkjøkena i sjukeheimen. Dette for at pasientane skal få ei god sanseoppleving og vekke appetitten.

Måltid er som all anna bistand retta inn mot individuelle tenester. Det er fleire pasientar som har berika kost, med proteinberika pulver. Det er og nokon som har fettfattig kost.

Det er kjøkensjef som set opp meny, der ein nyttar dei råvarene som høyrer til den årstida ein er i. Det vert då sett opp ein plan for 4-6 veker. Dette handler og om bestilling og eventuelle tilbod som ein kjem over. Får kjøkensjef tilbakemeldingar om middagsønsker frå pasientar/brukarar, prøver ein i det lengste å møte dei. Om ein veit at det er nokon som ikkje likar den retten som vert servert får dei tilbod om alternativ middag.

På sjukeheimen får ein ut i postkjøkena ferdig laga lunch/varm rett og middag, det er alltid dessert/ eller kake etter middagen. På laurdagen er kjøkenet stengt, det er då Fjordland graut til middag, som kjøkenet har bestilt. Kjøkenet lagar klar kvelds til laurdagen, slik at er det er lett å tilberede og eventuelt steike på laurdagskvelden. Vidare vert det laga kaker som vert servert på postkjøkena i helgane. For at det ikkje skal vera så belastande for dei tilsette på avdelingane har kjøkenet gjort det meste klart på fredagen. Tørr mat vert laga til på postkjøkena til frukost og kvelds, det vert og gjeve tilbod om nokon ønskjer mat utanom måltida.

Dagtilbodet for demete frå tørrvarer inn på stova der dei oppheld seg og dekkar til frukost. Det vert her servert middag ca. 1515, som dei et saman før dei vert køyrt heim.

Havnahuset har omsorgsbustadar, her får dei levert ut middag frå kjøken. Her har ein tørr mat til lunch. Det vert her og levert ned Fjordland graut til middag og råvarer til kveldsmat. Kveldsmaten vert laga av personale på havnahuset om kvelden.

Tilbakemeldingar frå Einingsleiar i heimetenesta, kjøkensjef og avdelingsleiar på FBB og helse- og sosialsjef er at ein er svært nøgd med kvaliteten på den maten som kjøkenet leverer. Dette er og tilbakemeldingar ein får frå pasientar. Maten er både fint tilbereda og smakfull og er ein viktig nøkkel i god eldreomsorg og ernæring for pasientar/brukarar i Fitjar kommune. Under måltid prøver ein å samle pasient/brukar til felles samvær, men dette er frivillig.

Dette kan vera greit å nemne?

Dei som ikkje bur i institusjon må ha eit vedtak på matombringning. Dette er ei teneste som er behovsprøvd. Ein har frivillige som køyrer middag til heimebuande frå måndag til fredag. Dei som har eit større hjelpebehov og som ein er usikker på kor mykje mat dei et, køyrer heimesjukepleia heim til og ser til at pasienten/brukaren får i seg næring.

Ein har no i vel eit år hatt middag til middagstid i Fitjar kommune. Grunnen for at ein sette inn dette tiltaket var at det ikkje skulle vera så lang faste. Ein observerer at det er fleire på sjukeheimen som har lagt på seg, men at det er ein trend til motsett verknad på Havnauset. Dette er ei nasjonal satsing. Det ein har erfart i perioden er at mange av dei eldre opplever at dette ikkje er optimalt. Ein endra middagstida på sundagen etter kort tids drift, då fleire fekk besøk av familien i denne tida og at det vart mykje uro rundt middagen. Mange har i eit langt liv vore vant med at ein et middag kl 1200 og «nons» kl 1600. Ein har og fått skriftleg tilbakemelding frå pasientar om dette. Ein vil nær framtid evaluere dette tilbodet.

2 Er det mange stillinger som står ledige i kommunen? Vakanser?

Svar frå ass. rådmann Svein Dale Soleng;

Det er vanskeleg å gje eit kvalitetssikra tal på vakansar på så kort varsel. Administrasjonen estimerer at det er mindre enn 5 årsverk som per i dag er vakante. Brorparten av desse gjeld helgestillingar på institusjon, stillingar som er planlagd rekruttert til for å redusere belastninga på dagens personell. Generelt sett vert alle vakansar vurdert nøye før evt. rekruttering og ved økonomiplanarbeidet.

Svar frå skulesjef John Karsten Raunholm:

I høve vakansar har eg 30 % stilling ledig. Gjeld IKT oppfølging for skulane.

3. Foreligger det en konkret plan for re-taksering av eiendommer i kommunen? (e-skatt)

Svar frå økonomisjef Trond Salmo:

Det er ikkje konkrete planar om re-taksering.

Vedlagt er KS Eigedomsskatteforum si omtale av endringar i eigedomsskatten i statsbudsjettet.

- Fitjar kommune bør/må re-taksere i 2019 med overgang til Skatteetatens formuesgrunnlag. Det er ein overgangsregel til 2023 med 30% reduksjonsfaktor.
- Grunnlag for våningshus og fritidseigedommar er ikkje klart sentralt
- Informasjon om eigedomsskatt på produksjonsutstyr og installasjonar

4. Dersom foreldre ønsker å undervise barna sine privat, t.d. hjemmeundervisning. Er det noe som kan være mulig i Fitjar? Utløser det tilskudd pr barn til foreldrene dersom de velger en slik løsning? Å Kva skal til for at foreldre skal kunne gjøre det?

Svar frå skulesjef John Karsten Raunholm:

Viser her til følgjande rundskriv: Privat hjemmeundervisning Udir-5-2013

Lenkje: <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/Skoleeiers-ansvar/Udir-05-2013/>

- Foreldre kan dersom dei ynskjer det undervisa barna sine heime. Dette er ikkje noko dei søkjer om. Dei gjev kommunen melding om at dei ynskjer å starta opp med slik undervisning.
Med andre ord kan alle foreldre velja å ha opplæringa heime for barna sine.
- Kommunen skal føra tilsyn med opplæringa.
- Dersom tilsyn viser at opplæringa i heimen ikkje er tilsvarende den grunnskuleopplæringa som vert gitt i offentlege skular skal kommunen fatta eit enkeltvedtak om dette.
Kommunen skal då krevja at barnet startar på skulen. Føresette vil ha klagerett på dette vedtaket til Fylkesmannen
- Heimeundervisning løyser ikkje ut tilskot til foreldra.
- Barnet har ikkje rett til spesialundervisning.
- Foreldra kan ikkje krevja å få dekka utgifter til lærebøker og undervisningsmateriell.

- Viktig å ha eit godt samarbeid med dei foreldra som vel ei slik løysing.

Utdelt i møtet:

Notat vedkomande statsbudsjettet, datert 10.10.2018